



Innspel til strategi for kulturfrivillighet

Noregs Ungdomslag er ein kulturorganisasjon som skaper levande lokalkultur over heile landet. Organisasjonen vart stifta i 1896 og er blant dei eldste frivillige organisasjonane i Noreg. I dag har vi om lag 14 000 medlemmer og 330 lokal- og fylkeslag. Organisasjonen arbeider for å betre vilkåra for frivillig kulturarbeid, lokalt, regionalt og nasjonalt.

I 2022 vart Noregs Ungdomslag akkreditert som ikkje statleg organisasjon i UNESCO sitt arbeid for immateriell kulturarv. Dette er ein stadfesting på det viktige arbeidet som våre lokallag gjer i sine nærmiljø. Lokallaga er m.a. sentrale i overføring av immateriell kulturarv, som dans, musikk og tradisjonshandverk. I tillegg er Noregs Ungdomslag opptatt av å samle folk til aktivitet, fest, kreativ utvikling, galskap og moro.

I arbeidet med ein ny strategi for det frivillige kulturlivet meiner vi at dette er viktige prioriteringar:

- 1) Det frivillige kulturlivet må styrkast for å nå måla om deltaking for alle, likestilling og mangfald, og meir kunst- og kulturaktivitet lokalt og regionalt. Gjennomfør kulturløftet med 1 prosent av statsbudsjettet.
- 2) Organisasjonseigde kulturygg treng eit løft og styrking av tilskotsordninga for å ta att etterslep på vedlikehald og gjere bygga meir tenelege for dagens bruk og krav til tilgiengeleghet.
- 3) Støtteordningar må vere rettferdige, forutsigbare og enkle. Bygg på dei eksisterande støtteordningane og styrk desse framfor å skape nye.
- 4) Eventuelle regionale kulturfond må komme i tillegg til eksistererade støtteordningar, og vere så enkle at midlane går til kulturformål framfor administrasjon.

Vi viser òg til innspel frå generalsekretær Magni Hjertenes Flyum og rådgjevar under innspelsmøta 13. desember 2022 og 9. januar 2023 (vedlegg), og støttar opp om innspel frå Kulturalliansen.

1. Brei deltaking og tilgang på kunst og kulturaktivitet i heile landet

Noregs Ungdomslag meiner at det er kulturaktiviteten i kvardagen, der enkeltindividet sjølv er aktørar i eige lokalsamfunn, som skaper nærliek til andre og som er viktig for utvikling av lokal tilhørsle og identitet. Å ha ein stad å utøve aktivitetar er ein viktig faktor for utviklinga av lokalt kulturliv, uavhengig av kor du bor i landet. Gode fysiske møteplassar medverkar difor til gode fritidstilbod, samhald og til heimstadidentitet.

I dag består inntektene til organisasjonseigde kulturhus av ein kombinasjon av kontingent, utleige og årlege basar- og marknadar. Inntektpotensialet er på denne måten avgrensa. Auke i faste kostnadar gjer at eigarane disponerer stadig mindre frie midlar til vedlikehald og utvikling av nye aktivitetar. Auka i straumkostandane kjem på toppen av to vanskelege år under pandemien.



Før koronapandemien var 64 prosent av oss aktive i frivillige organisasjoner. Heile 83 prosent av befolkninga meiner det er viktig eller svært viktig at kommunen legg til rette for frivillige organisasjoner. Mykje av dette arbeidet skjer i organisasjonseide kulturhus.

Frivillige lag og organisasjoner stilte lojalt opp under pandemien. Samstundes fekk pandemien store økonomiske konsekvensar for frivilligheita. Ikkje minst gjeld dette for lag- og organisjonane som eig og driftar eigne kulturhus. Sjølv om lag og organisasjoner fekk delvis kompensert tap av inntekt, vart laga påført ekstrakostnader og tap av inntekter som har gått utover moglegheita til å utvikle husa og legge til rette for nye aktivitetar.

Samstundes er det aukande sosiale forskjeller i Noreg. I 2019 vaks 115 000 barn i Norge opp i ein familie med vedvarande låginnntekt, mens undersøking av Frivillighet Norge viser at 27 prosent av barnefamiliar, eller nokon i familien, ikkje har delteke på fritidsaktivitetar på grunn av høge kostnadar.

Når man slit med å få endane til å møtast, leier det ofte til utanforsk og avgrensa moglegheiter til å delta i samfunnet på lik linje med andre. Tilbakemelding frå organisasjonen FRI (forening for kjønns- og seksualitetsmangfold) viser òg at det framleis er eit stort behov for å jobbe for eit samfunn der alle skal kunne leve frie og trygge liv uavhengig av seksuell legning eller funksjonsgrad.

Kva betyr dette for enkeltmenneske og samfunnet som heilskap, og kva ansvar har frivillige organisasjoner for å motverke utanforsk? Korleis kan vi legge til rette for å skape gode, inkluderande møteplassar, der bakgrunn og økonomi ikkje spelar nokon rolle?

Noregs Ungdomslag meiner at dei organisasjonseide kulturhusa er viktige inkluderingsarenaer. Her er det moglegheiter for et mangfold av aktivitetar; musikk, teater, dans, klubbaktiviteter, eldrekafé, gaming, eller dugnad. Du treng ingen spesielle kunnskap for delta! Her kan- og skal dei organisasjonseigde husa ta eit stort ansvar for å sørge for reel inkludering, der alle kan delta uavhengig av sosial status, økonomi, seksuell legning eller fysisk og psykisk helse.

2. Møteplassar og tilgang på egna kulturarenaer for aktivitet, læring og opplevelingar

Dei fleste lokallaga våre eig i tillegg eigne ungdomshus. Dette er viktige møteplassar i sine lokalsamfunn, men desse krev ressursar, både i form av kunnskap om vedlikehald og generell rådgjeving. Med dagens fokus på sirkulærøkonomi finst det heller ikkje noko betre tiltak enn å ta vare på og utvikle dei eksisterande kulturhusa.

Noregs Ungdomslag har studert eit utval av offentlege kulturstrategiar. Her varierer kunnskapsnivået og fellesnemnaren er at planane ofte tar lite omsyn til husa og laga som eig dei. Vi har difor store forventingar til regjeringas nytte strategi for kulturfrivilligheita vil medverke til at kommunar og fylker i større grad inkluderer husa i sine planar. Vi trur òg at det er viktig at kulturstrategien legg opp til revidering av kulturlova slik at kulturhus vert inkludert i kommunal planarbeid på lik line med idrettsanlegg i plan og bygningslova.

3. Samspel mellom den profesjonelle og frivillige kulturen

Noregs Ungdomslag vil minne om Anne Enger-utvalet sin evaluering av Stoltenberg-regjeringa sitt kulturløft frå 2005-2013. Denne viste at taparen i denne perioden var det lokale kulturlivet. Sjølv om dette er nokre år sida, er framlesi mange av utvalet sine konklusjonar relevante i dag og for den nye strategien for det frivillige



kulturlivet. Mellom anna peika utvalet på at den kulturelle grunnmuren må styrkast. Denne grunnmuren er bygd opp av mellom anna frivillige lag og organisasjonar og kommunale kulturtildot.

Noregs Ungdomslag vil framheve:

- Framtidens kulturpolitikk bør ha eit lokalt fokus: Skal vi klare å styrke den kulturelle grunnmuren treng vi eit lokalt kulturløft.
- Den veksten som institusjonene har fått og den infrastrukturen som er byggd opp må i enda større grad bli fylt med innhald, kunstnerisk kvalitet og publikumsauke. Ikkje minst er dette viktig etter pandemien.
- I tillegg må ein sjå på mangfoldsutfordringa som framleis ikkje er løyst.
- I følgje Kulturløftet skulle alle barn som ønska få eit kulturtildot. Framleis er det rom for betre samarbeid med kor, korps og andre frivillige organisasjoner, som òg treng betre øvingsplass og kunne bryne seg på profesjonelle kulturarbeidarar.

Noregs Ungdomslag meiner difor at departementet i arbeidet med ny kulturstrategi bør foreslå å øyremerke midler til et lokalt kulturløft i kommunene.

Noregs Ungdomslag viser her til undersøking som Huset i Bygda gjennomførte i 2019 i Sogn og Fjordane. I 2019 var den samla kommunale kulturstøtta til lag- og organisasjonar på under 6 millionar kroner i Sogn og Fjordane. Til samanlikning var dei samla kommunale driftsutgiftene i 2018 på over 10 milliardar kroner. Kulturstøtta til lag- og organisasjonar svarte såleis til under 0,06 prosent av dei kommunale driftsutgiftene i det gamle fylket. Det er ikkje grunn til å tru at situasjonen har endra seg stort sidan 2019.

Anne Enger utvalet foreslå at dette lokale kulturløftet kunne styrke folkebiblioteka, kulturskulane, innføring av en dirigentlønnsordning, og til øvings- og framføringslokalar i det lokale kulturlivet. Sistnemnde vil medverke til at kor og korps kan leige seg inn i organisasjonseigde kulturhus i stadenfor å måtte bruke offentlege lokale som ikkje er tilpassa deira verksemnd. Truleg vil dette òg vere ein meir effektiv bruk av offentlege midlar, ved at tilskot vert brukt til å stimulere bruk av allereie eksisterande egna lokale, heller enn å tilpasse skular og kommunale bygg som er bygd til andre føremål.

Noregs ungdomslag trur òg at øyremerka midlar vil medverke til å styrke kontakten mellom det frivillige og profesjonelle kulturlivet.

Det er òg viktig at frivillige organisasjonar får gratis eller sterkt subsidiert tilgang til kommunale kulturygg. Desse har ofte tekniske fasilitetar som dei organisasjonseigde kulturhusa ikkje har. Skal frivilligheita få utvikle seg og dra nytte av den profesjonelle kompetansen, er det avgjerande at laga vert invitert inn i dei offentleg kulturygga. Eit godt døme på dette er Bergen. Her kan frivillige kulturorganisasjonar få leige Grieghallen og alle andre kulturhus gratis.

4. Offentlege tilskotsordningar og tiltak

I 2011 gjekk den dåverande raudgrøne regjeringa, med støtte frå Høgre og FRP, inn for å endre fordelingsnøkkelen på spelemidlane. Idretten sin del av tippemidlane vart auka frå 46,5 til 64%, mens delen til kulturformål vart redusert frå 36,5% til 18%. Det mangla ikkje på kritiske røyster, over 25 000 signerte opprop mot endringa, men i prosessen lovde dei fleste partia på Stortinget at kulturlivet ikkje skulle lide ved justeringa



av tippenøkkelen, men at bortfall av spelemidlar skulle kompenseras gjennom statsbudsjettet. 12 år etter at fordelingsnøkkelen vart endra kan vi slå fast at skeptikarane fekk rett, og at denne reduksjonen utvilsamt har vore negativ for utviklinga av det frivillige kulturlivet i Noreg.

Ny kulturstrategi må ta innover seg og tørre å ta diskusjonen kring oppbygging og kva tiltak som skal vere prioriterte område i kulturen sin del av speleidlane. Her støtter Noregs Ungdomslag forslaget til mellom andre Kulturalliansen om forskriftsfestning som konkretiserer fordelinga av kulturdelen av speleidlane, slik det er for idrett og samfunnsnyttige formål

Noregs Ungdomslag har gjennom prosjektet Huset i Bygda kartlagt alle organisasjonseigde kulturhus i Noreg.¹ Husdatabasen er viktig informasjonskjelde for potensielle leidgetakrar og for lag og organisasjoner som ønskjer å starte ny aktivitet. Den er òg viktig for at vi skal kunne halde kontakt med huseigarar og spreie relevant informasjon til eigarar og brukarar av husa i Norge.

Kartlegginga viser at det truleg finst om lag 5 000 organisasjonseigde kulturbygg i Noreg i dag og at desse treng minimum to milliardar kroner til vedlikehald for å kunne møte dagens standard og krav. Det betyr at berre Vestland fylke treng 300 millionar kroner for å møte dagens standard, mens dei for 2022 disponerer ca. 6 mill. til organisasjonseigde kulturhus. I Viken har dei t.d. midlertidig stans i nye søknadar for speleidlar til kulturenarenaer for å ta att etterslepet på søknadar.

At behova er store, er i tillegg dokumentert gjennom søknadsordninga til Huset i Bygda i Sogn og Fjordane.² Dette er eit samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane som finansierer ordninga. Sidan 2016 har Huset i Bygda og Sparebankstiftinga motatt 376 søknadar frå organinasjonseigde kulturhus i denne regionen med samla kostnad på 95 millionar kr.³

På same tid har statlege støtteordningar vorte redusert monaleg. Frå 2013 har tippemidlar som går til kulturhus falle frå 135 millionar til 54,6 millionar kroner. Eit kutt på nesten 60 prosent. Her saknar vi oppfølging av stortingsmeldinga om Kulturens kraft frå 2018, der ein av prioriteringane i meldinga var å vurdere innretning og fordeling av speleidlar til kulturbygg innanfor tippenøkkelen.

I tillegg kjem behov for teknisk utstyr. Ifølgje Norsk musikkråd er berre ti prosent av lokala brukt til musikkøving eigna til føremålet. I 2020 var samla søknadssum til Kulturrom, tilskotsordninga for teknisk utstyr og lokale, 363 millionar kroner, mens samla pott var på 41,5 mill. Dette svarar til 11,4 prosent av samla søknadssum dette året.

Om ikkje det vert sett i gang ein målbewist satsing på desse husa vil etterslepet auke i åra framover. Det er difor viktig at ein i arbeidet med ny kulturstrategi diskuterer korleis vi kan utvikle desse husa vidare, slik at dei vert gode inkluderande arenaer for både amatør- og profesjonell kultur.

I dette arbeidet treng vi ei satsing på eksisterande ordningar, heller enn å opprette nye:

- Dei økonomiske rammene til desentralisert ordning for kulturbygg må aukast monaleg.

¹ <https://storymaps.arcgis.com/stories/e51e1e25cb894d37a2200ada1bcfd3fe>

² <https://storymaps.arcgis.com/stories/1822ec5c269d49b88254f3e42ac0aae2>

³ <https://noregsungdomslag.maps.arcgis.com/apps/dashboards/4c8bef17c0554cc882dfd7475185918c>



- Studieforbundet Kultur- og tradisjon som modell for forenkling og samordning for kulturfrivilligheita. Ein liten administrasjon i Vågå har skapt eit svært effektiv lågterskelordning. I 2021 vart gjennomført over 3 500 kurs med 35 000 deltakarar som til saman brukte 106 000 timer på kusa. På denne måten har det òg vore mogleg å få til eit godt samspele mellom frivillige organisasjoner.
- Frifond er ein anna ordning som med fordel kan utviklast vidare. Den har ein svært enkel oppbygging og krev relativt lite administrering frå sentralleddet.
- Auka økonomiske rammer til Kulturrom
- Det er òg eit stort problem at organisasjonseigde kulturhus ikkje kan søke på ENØK-tiltak gjennom ENOVA. Med 5000 kulturhus, kan regelendring her vere eit stort statleg bidrag til det grøne skiftet
- Det er òg ein systematisk forskjellsbehandling mellom idretts- og kulturbygg ved at det ikkje eksisterer nokon tilsvarande momskompensasjonsordning for sistnemnde. Det er med på å undergrave moglegheita til større utbetringer på husa og forvollar økonomien til huseigarane.

5. Regionale kulturfond

Regionalt kulturfond er ein god tanke, dersom den vert følgjt opp med friske midlar på statsbudsjettet. Vi har som føresetnad at opprettning av regionale kulturfond ikkje vert tatt frå eksisterande ordningar som t.d. spelemidlane.

Noregs Ungdomslag meiner at etablering av regionale kulturfond må ha eit føremål og innretning som gjer at også lokale lag og organisasjoner kan søke på tilskot. Skal midlane kanaliserast gjennom regionale organisasjoner til lokallagsarbeid er det viktig at utforming av søkerordningar ikkje fører til auka administrative oppgåver for regionledda. Det er difor viktig at ordninga må vere ein tillitsbasert lågterskelordning tilpassa behov og utfordringar i dei ulike fylka. Dette fordrar tett kontakt med det frivillige kulturlivet i utforming av handlings- og tiltaksplanar.

Noregs ungdomslag takkar for ein inkluderande og positiv prosess i arbeidet med ein ny strategi for det frivillige kulturlivet, og ser fram til resultatet. Vi minner også om at det vart laga ein strategi for folkemusikk og folkedans i 2020. Mykje av det som kom fram i dei innspelsrundane er relevant i denne samanhengen òg. Vi representerer store delar av det det frivillige folkedansmiljøet, og legg ved vårt innspel til denne prosessen i tillegg.

Beste helsing

Noregs Ungdomslag

Torbjørn Bergwitz Lauen
Styrelseiar

Magni Hjertenes Flyum
Generalsekretær



Innspelsmøte for strategi for kulturfrivillighet

Innlegg frå generalsekretær Magni Hjertenes Flyum 13.12.2022

Dei organisasjonseigde husa treng eit løft

Noregs Ungdomslag er ein kulturorganisasjon som skaper levande lokalkultur over heile landet. Organisasjonen vart stifta i 1896 og er blant dei eldste frivillige organisasjonane i Noreg. I dag har vi om lag 14 000 medlemmer og 330 lokal- og fylkeslag. Organisasjonen arbeider for å betre vilkåra for frivillig kulturarbeid, lokalt, regionalt og nasjonalt.

Noregs Ungdomslag vart i 2022 akkreditert som ikkje statleg organisasjon i UNESCO sitt arbeid for immateriell kulturarv. Dette er ein stadfesting på det viktige arbeidet som våre lokallag gjer i sine nærmiljø. Lokallaga er m.a. sentrale i overføring av immateriell kulturarv, som dans, musikk og tradisjonshandverk. I tillegg er Noregs Ungdomslag opptatt av å samle folk til aktivitet, fest, kreativ utvikling, galskap og moro.

Dei fleste lokallaga våre eig i tillegg eigne ungdomshus. Viktige møteplassar i sine lokalsamfunn, men desse krev ressursar, både i form av kunnskap om vedlikehald og generell rådgjeving. Med dagens fokus på sirkulærøkonomi finst det heller ikkje noko betre tiltak enn å ta vare på og utvikle dei eksisterande kulturhusa.

Noregs Ungdomslag har gjennom prosjektet Huset i Bygda kartlagt alle organisasjonseigde kulturhus i Noreg. Kartlegginga viser at det truleg finst om lag 5 000 organisasjonseigde kulturygg i Noreg i dag og at desse treng minimum to milliardar kroner til vedlikehald for å kunne møte dagens standard og krav. Det betyr at berre Vestland fylke treng 300 millionar kroner for å møte dagens standard, mens dei for 2022 disponerer ca. 6 mill. til organisasjonseigde kulturhus. I Viken har dei t.d. to års midlertidig stans i nye søknadar for spelemidlar til kulturenarenaer for å ta att etterslepet på søknadar.

På same tid har statlege støtteordningar vorte redusert monaleg. Frå 2013 har tippemidlar som går til kulturhus falle frå 135 millionar til 54,6 millionar kroner. Eit kutt på nesten 60 prosent. Her saknar vi oppfølging av stortingsmeldinga om Kulturens kraft frå 2018, der ein av prioriteringane i meldinga var å vurdere innretning og fordeling av spelemidlar til kulturygg innanfor tippenøkkelen.

Det er òg eit stort problem at desse kulturhusa ikkje kan søke på ENØK-tilbak gjennom ENOVA. Med 5000 kulturhus, kan regelendring her vere eit stort statleg bidrag til det grøne skiftet

Vi ser òg at det er ein systematisk forskjellsbehandling mellom idretts- og kulturygg ved at det ikkje eksisterer nokon tilsvarande momskompensasjonsordning for sistnemnde. Det er med på å undergrave moglegheita til større utbetringer på husa og forvollar økonomien til huseigarane.

Vi har studert eit utval av offentlege kulturstrategiar. Her varierer kunnskapsnivået og fellesnemnaren er at planane ofte tar lite omsyn til husa og laga som eig dei. Vi har difor store forventingar til regjeringas nytte strategi for kulturfrivilligheta vil medverke til at kommunar og fylker i større grad inkluderer husa i sine planar.

Om ikkje det vert sett i gang ein målbewist satsing på desse husa vil etterslepet på to milliardar kroner auke i åra framover. Det er difor viktig at strategi for kulturfrivilligheta diskuterer korleis vi kan utvikle desse husa vidare, slik at dei vert gode inkluderande arenaer for både amatør- og profesjonell kultur.



Innspelsmøte for strategi for kulturfrivillighet

Innlegg frå rådgjevar Christoffer Knagenhjelm 13.12.2022

Huset i Bygda som modell for utvikling av organisasjonseigde kulturhus

Tilbakemeldinga blant lokallaga var at det var behov for større kompetanse i arbeidet med å drive husa og eit sterkt ynskje om å modernisere husa, slik at dei vart meir attraktive i bruk.

Det er Noregs Ungdomslag som eig prosjektet og har ansvar for utrulling på fylkesnivå. Dette skjer i nært samarbeid med fylkeslaga våre som har enten sit i styringsgrupper eller har ansvar for å følgje opp prosjektet i deira fylke.

I dette arbeidet såg vi at dette var behov som ikkje berre gjaldt våre ungdomslag. Uavhengig av kven som eig dei lokale forsamlings- og kulturhusa, så er desse husa ofte hjartet i det lokale kulturlivet.

Mange av husa er heller ikkje tilknytt nasjonale organisasjonar og har på den måten ikkje noko nasjonalt støtteapparat i ryggen.

Huset i Bygda inkluderer difor alle formar for organisasjonseigde kulturhus, som grendehusa, samfunnshusa, bygdahusa og bedehusa i arbeidet med skape meir attraktive hus og meir kompetente huseigarar.

Nøkkelen er kjennskap til lokale forhold. Det er difor eigne prosjektilsette i fylka, som samarbeider tett med lokale lag og organisasjonar og fylkeskommunane. Det er også viktig at rådgjevinga er gratis.

Konkret er arbeidet konsentrert rundt:

- Kunnskapsoversikt gjennom kartlegging og utvikling av husdatabase.
- Gratis rådgjeving og informasjonsarbeid til huseigarar.
- Hus- og fagsamlinger.
- Utvikla heimeside med førstehjelp (www.husetibygda.no).
- Samarbeid med andre aktørar for å styrke husa.
- Politisk arbeid og mediearbeid for å synleggjere dei organisasjonseigde kulturhusa.

Og kva resultat har dette gitt:

- Huset i Bygda har unik oversikt over talet på kulturhus, status og kva utfordringar huseigarane har når det gjeld utvikling av husa.
- Auka søknadskompetanse og at vi ser at talet på søknadar til renovering og utvikling av husa aukar der vi er aktive.
- Samarbeid med andre aktørar:
Huset i Bygda administrerer økonomisk støtteordning til organisasjonseigde kulturhus i Sogn og Fjordane, med midlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Dette er eit godt døme på korleis frivillige organisasjonar kan gå saman med offentleg sektor og privat næringsliv for å løyse samfunnsoppgåver:
- Auka merksemd når det gjeld kva betydning husa har:
Presse og offentleg forvalting. Husa kjem inn i fylkeskommunalt planarbeid. Vi hadde ansvar for eige covid-kompensasjonsordning, med midlar frå Kultur og likestillingsdepartementet.

Avslutningsvis: Vi deler gjerne talmateriale med departementet og andre som er interessert i dette.



Innspelsmøte for strategi for kulturfrivillighet

Innlegg frå rådgjevar Christoffer Knagenhjelm 13.12.2022

Huset i Bygda som modell for utvikling av organisasjonseigde kulturhus

Tilbakemeldinga blant lokallaga var at det var behov for større kompetanse i arbeidet med å drive husa og eit sterkt ynskje om å modernisere husa, slik at dei vart meir attraktive i bruk.

Det er Noregs Ungdomslag som eig prosjektet og har ansvar for utrulling på fylkesnivå. Dette skjer i nært samarbeid med fylkeslaga våre som har enten sit i styringsgrupper eller har ansvar for å følgje opp prosjektet i deira fylke.

I dette arbeidet såg vi at dette var behov som ikkje berre gjaldt våre ungdomslag. Uavhengig av kven som eig dei lokale forsamlings- og kulturhusa, så er desse husa ofte hjartet i det lokale kulturlivet.

Mange av husa er heller ikkje tilknytt nasjonale organisasjonar og har på den måten ikkje noko nasjonalt støtteapparat i ryggen.

Huset i Bygda inkluderer difor alle formar for organisasjonseigde kulturhus, som grendehusa, samfunnshusa, bygdahusa og bedehusa i arbeidet med skape meir attraktive hus og meir kompetente huseigarar.

Nøkkelen er kjennskap til lokale forhold. Det er difor eigne prosjektilsette i fylka, som samarbeider tett med lokale lag og organisasjonar og fylkeskommunane. Det er også viktig at rådgjevinga er gratis.

Konkret er arbeidet konsentrert rundt:

- Kunnskapsoversikt gjennom kartlegging og utvikling av husdatabase.
- Gratis rådgjeving og informasjonsarbeid til huseigarar.
- Hus- og fagsamlinger.
- Utvikla heimeside med førstehjelp (www.husetibygda.no).
- Samarbeid med andre aktørar for å styrke husa.
- Politisk arbeid og mediearbeid for å synleggjere dei organisasjonseigde kulturhusa.

Og kva resultat har dette gitt:

- Huset i Bygda har unik oversikt over talet på kulturhus, status og kva utfordringar huseigarane har når det gjeld utvikling av husa.
- Auka søknadskompetanse og at vi ser at talet på søknadar til renovering og utvikling av husa aukar der vi er aktive.
- Samarbeid med andre aktørar:
Huset i Bygda administrerer økonomisk støtteordning til organisasjonseigde kulturhus i Sogn og Fjordane, med midlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Dette er eit godt døme på korleis frivillige organisasjonar kan gå saman med offentleg sektor og privat næringsliv for å løyse samfunnsoppgåver:
- Auka merksemd når det gjeld kva betydning husa har:
Presse og offentleg forvalting. Husa kjem inn i fylkeskommunalt planarbeid. Vi hadde ansvar for eige covid-kompensasjonsordning, med midlar frå Kultur og likestillingsdepartementet.

Avslutningsvis: Vi deler gjerne talmateriale med departementet og andre som er interessert i dette.



Til Kulturdepartementet

Oslo, 30.11.2020

Innspel til strategi for folkemusikk og folkedans

Noregs Ungdomslag (NU) er ein mangfaldig organisasjon med kring 14 000 medlemmar fordelt på 350 lokallag, der folkedans er den største enkeltaktiviteten vi har. NU er ein av få organisasjoner som tek det store ansvaret med å ta vare på og vidareføre heile breidda av dei norske folkedansane. Lokallaga og medlemmane våre er viktige kulturerarar og formidlarar av vår immaterielle kulturarv. Ein kulturarv staten har eit ansvar for, og som vi er særslig glade for at det vert sett i gang eit arbeid med å lage ein strategi for. NU har tru på at ein slik strategi vil kunne vere med på å løfte den tradisjonelle musikken og dansen i Noreg. Ein strategi for folkemusikk og folkedans må vere meir enn ord på papir, og vi har difor ei forventing om at Staten tek ansvar og prioriterer å legge til rette for betre rammevilkår for utøvarar, frivillige, arrangørar og organisasjoner innan folkemusikk og folkedans. Staten må i tillegg sørge for ivaretaking og vidareføring, gjennom aktiv bruk, av den levande tradisjonen som er så viktig for heile samfunnet vårt.

Sats på folkedansen

I dag er det kring 4000 personar som dansar folkedans i NU, noko som gjer oss til den største folkedansorganisasjonen i Noreg. Dette talet må aukast dersom ikkje folkedansen skal forsvinne. Det kan høyra ut som at 4000 personar er mykje og at desse personane kan vere mange nok til å ta vare på tradisjonane, men dette stemmer ikkje. Det er eit stort mangfald av ulike lokale dansar og sjølv om nokre dansetradisjonar står sterkt i enkelte område finnast det mange døme på dansar det knapt finnast folk att som dansar. Dette må vi gjere noko med. Det er eit reelt behov for ei brei og stor styrking av folkedansen. Det er viktig å presisere at folkemusikken og folkedansen ikkje er to ulike ting, derimot eit fag og eit miljø som går hand i hand med gjensidig avhengigheit til kvarandre. I dette innspellet er det likevel viktig for NU å setje fokus på at det no er på tide med eit reelt løft for folkedansen. Folkemusikken har generelt hatt betre vilkår i mange år som vi mellom anna ser ved at det finnes fleire folkemusikkutdanningar, fleire utøvarar, fleire konsertarena, fleire stønadsordningar osb. Mykje av dette manglar for folkedansen og det må vi i fellesskap gjere noko med. Slik det står til no er folkedansen i fare dersom vi ikkje får til denne massive styrkinga. Lokale dansetradisjonar og ulike danseformer står i fare for å døy ut dersom folk sluttar å utøve dei og å lære dei vidare. Vi må unngå at dansane berre blir å finne i arkivopptak på museum og difor må vi få fleire til å danse.

Folkedansen er fyrst og fremst ein samværsdans og ein viktig del av den immaterielle kulturarven som vi alle har eit ansvar for. Det er viktig å understreke at dansen og musikken i seg sjølv ikkje er ei kunstform, men at det er ein tradisjon som har overlevd gjennom kunnskapsoverføring frå generasjon til generasjon. NU meiner folkedansen si framtid må sikrast gjennom å styrke opplæring, kurs, opplæringsmateriell, instruktørar, utdanning, dansefestar, stønadsordningar, synleggjering av sjangeren, tilgang på lokale samt sterke nasjonale og lokale ledd i dei frivillige organisasjonane.

Styrk dei frivillige organisasjonane

NU som nasjonalledd treng å bli styrka for å fortsetje å ta det store ansvaret for breidda i folkedansen vidare i ein endå større skala. Sterkare driftsstøtte sikrar det langsiktige arbeidet som trengs for vidareføringa av den immaterielle kulturarven. Nasjonalredda sikrar viktig og kvalitetssikra informasjonsarbeid om folkedans, opplæring av instruktørar, formidling til born og unge gjennom verktøy som Folkepedia, arrangering av sommarkurs og sommarleir, rekruttering til feltet, inspirasjon, synleggjering, kompetanseheving lokalt, regionalt og nasjonalt, samt tilrettelegging og rådgjeving for lokale og regionale lag. Det er eit behov for meir driftsstøtte for at dette viktige arbeidet skal styrkast.

Styrk opplæringa

Kurs, dansefestar og faste øvingar er det som held folkedansen i live i NU sine lokallag over heile landet. Dette kontinuerlege arbeidet treng fleire ressursar for å halde aktiviteten ved like og for å utvikle den. Den allmenne kjennskapen til tradisjonane våre må også aukast i stor grad for at befolkninga skal vere bevisste sin lokale og nasjonale kulturarv.

- Danseinstruktørar, musikarar og eldsjeler må få opplæring og auka kompetanse og kunnskap til å drive aktivitet lokalt i NU. Dette kan skje gjennom ei styrking av instruktørkursa til NU, meir midlar til å tilby lokale gjesteinstruktørkurs til lokallag og ved å vidareutvikle opplæringsmateriell slik som Folkepedia.
- Samarbeid med kulturskular er viktig for at born og unge skal ha eit likt tilbod om opplæring i folkedans frå tidleg alder. Laga i NU treng betre moglegheiter for samarbeid med Kulturskulane for å få dette til og ei prioritering frå



Kulturskulen si side om fast tilbod innan folkemusikk og folkedans. I dag er det stor variasjon i kor godt slike samarbeid fungerer, og ein er avhengig av å ha ein Kulturskule som ønskjer å ta inn folkemusikk og folkedans. Vi meiner at det må vere nasjonale retningslinjer som pliktar Kulturskulane til å ha opplæringstilbod på folkemusikk og folkedans, gjerne i samarbeid med lokale ressurspersonar, lag og foreiningar.

- Alle born og unge må møte folkedansen og folkemusikken tidleg og kjenne den på kroppen ved å sjølv vera med å danse. Alle barne- og ungdomsskular bør ha folkedans og folkemusikk på læreplanen for alle elevar. For at dansen skal leve vidare må alle ha lik moglegheit til å bli kjent med sine lokale og nasjonale tradisjonar og vite om at dei eksisterer.
- For at skular skal kunne introdusere folkedansen til alle sine elevar må også lærarar få opplæring og kjennskap til tradisjonane. Dette må sikrast gjennom folkemusikk og folkedans på studieplanen innan særleg musikk-, norsk- og kroppsøvingsfag i lærarutdanninga. I tillegg må ferdigutdanna lærarar i arbeid ha moglegheit til etterutdanningskurs innan desse fagområda.
- For å utvikle dei unge folkemusikk- og folkedanstalenta tidleg i utdanningsløpet er det heilt sentralt med videreføring av landslina for folkemusikk på Vinstra VGS. Her må det også koma på plass ei styrking slik at fleire kan velje folkedans som hovudretning på lik line med eit folkemusikkinstrument.
- Det er på høg tid med ei folkedansutdanning på høgskulenivå på lik line med folkemusikkutdanningar på dette nivået. NU står opp om ei folkedansutdanning i Rauland som fyrste steg på vegn mot eit mangfoldig tilbod i folkedans på høgare nivå. På sikt bør det opprettast fleire folkedansutdanningar som tek for seg ulike tilnærmingar til fagområdet, scenisk, pedagogisk osb.
- I mange fylke finnes det i dag fylkesfolkemusikkarar. Dette er ei ordning som fungerer godt og som bør styrkast til å gjelde fleire fylke, alle på sikt. For at folkemusikk og folkedans skal få den likestilte satsinga som trengst må det også koma på plass tilsvarande innan dans, fylkesfolkedansarar. Dette vil styrke det regionale og lokale folkedans- og folkemusikkarbeidet i tillegg til å auke synlegheit og bevisstgjering hjå allmennheita.

Styrk dei viktige møteplassane og den sosiale samværsdansen

Vi treng fleire dansefestar for å ivareta den immaterielle kulturarven. Folkedansen er først og fremst ein samværsdans som vi utøver ved å skipe til møteplassar på tvers av generasjonar, også kalla dansefestar. Både dei lokale og regionale dansefestane og leikfestane og dei store nasjonale og internasjonale arrangementa som Landskappleiken og NORDLEK er viktige møteplassar for folkedansarane og folkemusikkarane. Desse møteplassane må ha økonomi, lokale, kunnskap og ressursar for å førast vidare og styrkast for å tiltrekke seg nye grupper. Det er i hovudsak dei frivillige laga og grasrota i miljøet som best kan oppretthalde denne infrastrukturen av møteplassar over tid, med god stønad frå regionale og sentrale ledd. For at folkedansen skal leve vidare som folkeleg tradisjon trengs det ei styrking av desse strukturane som gjer samværsdansen mogleg, i form av t.d. stønadsordningar for dansearrangement, gode lokale, tilgang på musikkarar og instruktørar, gode rammevilkår for drift av frivillige lag osb.

Styrk opplæringsmateriellet

- Nettressursen Folkepedia med opplæringsfilmar i folkedans er ein av metodane for å sikre framtidas opplæringsverktøy for den immaterielle kulturarven. Eit slikt verktøy må satsast stort på for å gjere folkedans og folkemusikk tilgjengelig i større grad for lærarar, skular, instruktørar, danselag og for bevaring og formidling i framtidia. Det trengst sterke midlar og meir ressursar for å vidareutvikle og utvide denne og liknande ressursar.
- Også historisk læreverk innan folkemusikk og folkedans for t.d. lærarar og studentar må bli prioritert slik at det med jamne mellomrom er utgjeven oppdatert informasjon om fagfeltet, slik som læreverket «Fanitullen».

Betre tilrettelagte og tilgjengelege lokale

Folkedansen treng tilrettelagte lokale til både øving, kurs og dansefestar for å ta vare på og videreføre kulturarven.

- Vi må styrke dei 250 ungdomshusa i NU. Ungdomshusa er ein av dei viktigaste arena til utøving av samværskulturen der folkedans og -musikk møtest. Ungdomshusa er gode lokale for opplæring gjennom kurs og faste øvingar, i tillegg til dei livsviktige dansefestane. Ungdomshuset har gode dansegolv og ei god atmosfære for utøving og tradisjonsoverføring mellom generasjonar. Mange ungdomshus treng meir støtte til oppgradering og vedlikehald. Vi treng også full rettighetsfesta momskompensasjon for organisasjonseigde hus.
- Laga i NU treng også tilgang på offentlege bygg. Mange stader i landet er det ikkje tilgang på flotte ungdomshus. Då er det viktig at dei offentlege kulturbygga, skulebygga og idrettsbygga er tilgjengelige for bruk til aktivitet av



dei frivillige laga, og at desse bygga er egna for dans. Etablering av nybygg må også ha ein plan kring tilrettelegginga for den bruken dei frivillige danse- og spelemannslaga har med omsyn til golv, materiale, klang osb.

Enkle og ubyråkratiske stønadsordningar

- Frifond, vaksenopplæringsmidlar, momskompensasjon, små og raske midlar og prosjektmidlar gjennom Norsk senter for folkemusikk og folkedans. Alle desse ordningane er gode eksempel på stønadsordningar som treff godt for lokallag og tilretteleggjarar for folkedans- og folkemusikkaktivitet, men dei må styrkast i endå større grad enn kva dei er i dag. Laga treng enkle og ubyråkratiske ordningar med kort handsamingstid.
- Staten må hjelpe folkemusikk- og folkedansmiljøet med å auke forståinga for at folkemusikk og folkedans går hand i hand og er ei eining som høyrrer tett saman. Dette må synast att i aktuelle stønadsordningar der ein ofte vert tvunge til å velje mellom kategoriane musikk eller dans. Dei fleste prosjekta omhandlar dans og musikk på lik line og det blir ikkje riktig at ein må velje vekk det eine. Det er også langt fleire ordningar som gjeld for musikk enn kva det er for dansefeltet, noko vi meiner bør endrast på.

Sterkare synleggjering

- Fleire må bli kjent med den norske musikk-, og dansetradisjonen og det vert ein gjennom å møte den i det offentlege rom. NRK og andre mediehus må ta ansvar for å spreie informasjon og kunnskap om folkemusikk og folkedans gjennom sine kanalar. Det kan vere i form av musikk i radio, opptak frå konserter, dansefestar, tevlingar eller andre tilskipingar på TV, og ikkje minst gjennom skriftleg formidling. Nyheiter om tradisjonskultur må vere viktig og synleg i media og det må bli ein prioritet å dekke ulike arrangement og nyheiter på feltet. NRK har mykje flott folkemusikk- og folkedansinhald i arkivet sitt frå fleire tiår tilbake i tid som vi set pris på at vert synt fram, men det er også viktig at allmennheta får eit realistisk innblikk i slik miljøet og tradisjonane fungerer i dagens samfunn.
- Dei lokale og nasjonale folkemusikk- og folkedanskarkiva treng ei styrking av ressursar for å ta vare på arkivmateriale samt legge til rette for å kunne gjere fleire arkivopptak av dagens utøvarar. Arkiva treng også fleire ressursar (t.d. felles portalar) for å gjere arkivmaterialet tilgjengelig for fleir.
- Ein skal vere stolt av tradisjonane våre og bør bruke alle naturlege høve til å syne fram folkedansen og -musikken. Ved t.d. statsbesøk, nasjonale arrangement, offentleg høgtid eller andre samanhengar bør folkemusikk og folkedans vere synleg og ein naturleg del av markeringa for å syne fram norsk kulturarv. Det finnест mange både profesjonelle og frivillige utøvarar i heile landet som med glede tek på seg slike oppdrag.
- Vi må vise fram det store mangfaldet som finnast av folkemusikk og folkedans, og synleggjere at ein t.d. ikkje treng ein bunad for å danse eller spele. Vi må jobbe for å fjerne oppfatninga om at det stillast forskjellige krav til den som ønskjer å spele eller danse, og synleggjere at alle er velkomne i miljøet. Gjennom å vise både tradisjonell og moderne folkemusikk og folkedans, gjennom å vise fram variasjon av personar frå ulike miljø, bakgrunn og aldrar, så vil vi kunne få vekk nokre av «fordommane» som enkelte har mot folkemusikk og folkedans. NU arbeider for inkludering og har opne armer til alle som ønskjer å vere med i aktiviteten, men vi treng hjelp til å synleggjere dette.

NU står også opp om innspelet som er sendt til Kulturdepartementet frå representantskapet til Norsk senter for folkemusikk og folkedans.

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål til innspela våre.

Beste helsing
Norges Ungdomslag

Torbjørn Bergwitz Lauen
Leiar

Kai Roger Vatne
Generalsekretær